
Fra: Eirik Netteland <eirik.netteland@ikah.no>
Sendt: 26. januar 2017 15:17
Til: Jan Torry Sande
Emne: Svar på krav om innsyn - veg til Kjeneset
Vedlegg: Hordabø kommunestyre 30 april 1959.pdf; Hordabø kommunestyre 30 oktober 1959.pdf; Veg til Kjeneset.pdf

Radøy kommune
Jan Torry Sande
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dykkar ref.:

Vår ref.:
17/73 - 2 / EN / 241

Dato:
26.01.2017

Svar på krav om innsyn - veg til Kjeneset

Viser til førespurnad om dokumentasjon vedkomande bygging veg til Kjeneset på 1950-talet.

Eg har undersøkt arkiva etter formannskap/kommunestyre og trafikknemnda. Det er lite saksarkiv i arkivet etter Hordabø kommune.

Det ser ut til at oppsitjarane på Kjeneset ved Olai Mangerøy sendte eit brev til kommunen om veg til Kjeneset i 1958 eller 1959, men eg kan ikkje finne brevet. Heradsstyret vedtok den 30.april 1959 å ta kontakt med Vegkontoret for stikning og kostnadsberekning. Den 30. oktober 1959 vedtok heradstyret å løyve 500 kroner som tilskot til veg til Kjeneset. Sjå vedlegg.

Eg fann ingenting om vegen i trafikknemnda sitt arkiv. Det ser ut til at dei hovudsakeleg arbeida med samferdsel og kontakt med rutebillag.

Dersom Hordaland vegkontor vart involvert kan det også liggje dokumentasjon i Statens vegvesen sine arkiver. Det kan også være fleire vedtak i protokollen til heradsstyret og formannskapet. Eg har ikkje sett gjennom alle åra på 1950-talet.

Med venleg helsing

Eirik Netteland
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Vedlegg:

Hordabø kommunestyre 30 april 1959	1333411	26.01.2017
Hordabø kommunestyre 30 oktober 1959	1333412	26.01.2017
Veg til Kjeneset	1333413	26.01.2017